



Vestland Venstre  
Fylkestingsgruppa

## Årsmelding 2021

### Venstre si fylkestingsgruppe i Vestland

### Oppsummering frå gruppeleiaren

Som det kjem fram av denne meldinga, har det vore eit svært aktivt år i fylkespolitikken. Venstre har ei lita gruppe i fylkestinget med sine to representantar, men har likevel makta å bidra aktivt og vesentleg. Det har utvilsamt betydd mykje at Venstre er ein del av fleirtalskoalisjonen som styrer Vestland fylkeskommune. Dette har blant anna gitt «vesle» Venstre plass i fylkesutval og finansutval, i to hovudutval og med nestleiarvervet i eitt av desse (Hovudutval for kultur, idrett og integrering). I tillegg deltar Venstre i dei førebauande møta til fleirtalsfraksjonen til dei to hovudutvala der vi ikkje har fast representasjon.

Å vera med i ein styrande posisjon gir sjølvstøtt mykje større moglegheiter til å fremja og påverka fylkespolitikken frå Venstres ståstad enn gjennom ei opposisjonstilvære. Vi er no komne litt lenger enn midt i valperioden, og valet i 2023 rykker raskt nærare. Arbeidet i fylkespolitikken har så langt skapt eit solid grunnlag for den kommande valkampen. Då må målet må vera eit styrka Venstre i ein framleis styringsposisjon.

### Samansetning og representasjon

#### I perioden januar 2021 til september 2021 har følgjande representert Venstre i Vestland fylkesting:

##### Fylkestingsrepresentantar

Geir Kjell Andersland                      Gruppeleiar, nestleiar for hovudutval for Kultur, Idrett og Integrering

Alfred Bjørlo                                      Medlem av fylkesutvalet, finansutvalet, fylkesvalstyret og valnemda

##### Vararepresentantar

Agnes Bernes                                      Deltok på fraksjonsmøta i hovudutval for Opplæring- og Kompetanse

Tom Hiis Berg                                      Medlem i utval for Næring

Astrid Knutsen Hårstad                      Deltok på fraksjonsmøta i hovudutval for Samferdsel- og Mobilitet

Elizabeth Toft Erichsen                      Varamedlem fylkestinget

Torstein Tvinnereim                              Varamedlem fylkestinget

Jan Henrik Nygaard                              Varamedlem fylkestinget

#### I perioden frå september 2021 til desember 2021 har følgjande representert Venstre i Vestland fylkesting:

### Fylkestingsrepresentantar

Geir Kjell Andersland            Gruppeleiar, nestleiar for utval for Kultur, Idrett og Integrering, fylkesutvalet, finansutvalet, fylkesvalstyret og valnemda.

Agnes Bernes                      Medlem i hovudutval for Næring (frå desember 2021), deltok på fraksjonsmøta i hovudutval for Opplæring- og Kompetanse

### Vararepresentantar

Tom Hiis Berg                      Medlem i hovudutval for Næring (fram til desember 2021)  
Astrid Knutsen Hårstad            Varamedlem fylkestinget  
Elizabeth Toft Erichsen            Varamedlem fylkestinget  
Torstein Tvinnereim                Varamedlem fylkestinget  
Jan Henrik Nygaard                Deltok på fraksjonsmøta i utval for Samferdsel- og Mobilitet

## **Organisering og arbeid**

Gjennom året har fylkestingsgruppa hatt gruppemøte i forkant av alle fylkesting og møta i dei fire hovudutvala. Alle møta har vore digitale, men me hadde ein julemiddag som var fysisk. Alle fylkestingsrepresentantar, dei øvste vararepresentantane, Vestland Unge Venstre, Vestland Venstrekvinnelag, Vestland Liberale Studentar og AU i Vestland Venstre vert invitert til gruppemøta.

I juni 2021 fekk Gunnhild Berge Stang innvilga permisjon ut perioden frå fylkestinget og alle sine fylkeskommunale verv på grunn av ny jobb. Fram til da hadde Gunnhild hatt permisjon på grunna av jobben som statssekretær i Kulturdepartementet. Alfred Bjørlo fekk da offisielt den faste plassen i fylkesutvalet, i tillegg til plass i finansutvalet. Geir Kjell Andersland fortsette i rolla som gruppeleiar og nestleiar i utval for Kultur, Idrett og Næring. Tom Hiis Berg fekk den faste plassen i utval for Næring.

I september 2021 kom Alfred Bjørlo inn på Stortinget. Dermed kom Agnes Bernes inn som fast representant i fylkestinget og tok i desember over den faste plassen i hovudutval for Næring. Geir Kjell Andersland overtok Venstres plass i fylkesutvalet, finansutvalet og valnemnda. Tom Hiis Berg rykka opp til første vara til fylkestinget.

Sidan Venstre ikkje er representert i to av hovudutvala, så har gruppa har valt å organisere seg slik at ein møter i koalisjonen sine fraksjonsmøter for dei utvala ein ikkje har fast plass i. Agnes Hoshovde Bernes har møtt i fraksjonsmøta til utval for Opplæring og Kompetanse, medan Astrid Knutsen Hårstad og Jan Henrik Nygaard har møtt i fraksjonsmøta til utval for Samferdsel og Mobilitet. Denne organiseringa har fungert særst bra, da det gjer Venstre moglegheit til å være med å påverke politikken i utval ein ikkje sitt i.

Gjennom året har samarbeidet med fylkesstyret i Vestland Venstre fungert godt. Gruppeleiar eller ein anna representant for gruppa har møtt på alle styremøte i fylkeslaget. Agnes Hoshovde Bernes har sidan januar 2021 jobbar som sekretær for fylkestingsgruppa i ein 20% stilling.

## **Politikk**

### **Samferdsel og mobilitet:**

Innan samferdsel har det vore mange spennande sakar. Venstre har vore ein pådrivar for nullutsleppskrav for transportsektoren og spesielt for hurtiggåande passasjertransport med båt. I byrja av 2021 vedtok fylkesutvalet at i frå 2024 skal alle båtar som i dag går på ekspressbåtrutene Bergen-Sogn og Bergen- Nordfjord, samt lokalbåtane i Flora-bassenget, Høyanger og Vik, skiftast ut med båtar med nullutsleppsteknologi. På Kystvegekspressen Florø-Selje skal det testast ut verdas første hydrogendrivne fartøy tilpassa rutegåande transport, med mål om å få hydrogenbåten i fast trafikk så snart fartøyet er godkjent og sertifisert.

Det har og blitt arbeida mykje med Regional Transportplan i 2021. Ein overordna og prinsipiell del av planen vart vedtatt på fylkestinget i desember 2021 og har som hovudmål at «Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidretta transportsystem, som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling». I juni i år skal ein vedta den detaljerte prioriteringsplanen.

Ein anna sak som gruppa har jobba ein del med er bybanesaken og val av bybanetrase til Åsane. Saken var oppe i fylkesutvalet i oktober og ein enda med eit fleirtal for at Bybanen skal gå over Bryggen. Dette var eit vedtak som var i tråd med fagnotatet til Bergen Kommune, då det gjer den beste kollektivløysinga, den rimelegaste bygge- og driftsløysninga, har minst inngripen i kulturminne og sikrar at ein oppnår målet om kontinuerleg bybaneutbygging.

### **Opplæring og kompetanse:**

Innan opplæring og kultur har det vore opplæringstilbodet som har vore den største saken. Det vart foreslått nokre kutt for opplæringstilbodet i 2022, men ein enda opp med å auke klassetalet i forhold til innstillinga og ein fortsett satsinga på eit variert utdanningstilbod i heile fylket.

Det er mykje bra som skjer i vidaregåande skule i Vestland. I Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring er det mykje positivt. Fråfall har gått ned, trivsel har gått opp og det er mindre mobbing. Samtidig har ein fortsett ein del å gå på når det gjelder å sikre læreplassar og sikre trivsel i lærebedriftene.

I fylkesbudsjettet for 2022 vart det vedtatt ei auka satsing på psykisk helse i vidaregåande opplæring. Når det kjem til investeringar så skal ein no byggje nye og moderne skular til over 4 mrd. i heile fylke.

### **Kultur, idrett og integrering:**

Innan kultur, idrett og integrering har ein behandla ein rekkje saker i 2020/21. Innan kultur nemnes ein storsatsing på regionale kulturbygg, satt av midlar til eit nytt bygg på Gulatinget, fullfinansiert Hardanger Fartøyvernsenter sitt prosjekt «Kulturnaustet», styrka tilskot til bibliotek i Vestland, styrka kulturminnearbeidet, bevilga betydelege midlar til Frivilligheitenes år 2022 og auka driftstilskot til Det Vestnorske Teateret, KODE og Odda litteraturhus. Ein har fått gjennomslag for ei fast driftsstønad til BAKOM, som er ein møteplass i Bergen for unge filmskaparar og spelutviklarar. Ein har og styrka distriktsmusikarordninga, noko som inneber eit auka samarbeid med kommunar og kulturskular. Innan idrett har ein jobba med ein utreiing av gratis utleige av fylkeskommunale bygg og anlegg, etablert eit godt samarbeid med og jamlege møter med idrettskretsen. Fylkeskommunen har fleire viktige tilskotsordningar for idrettssektoren. Det er tatt initiativ for å betre den statlege spelemiddelsordninga.

Kulturfeltet i fylkeskommunen har i 2021 fått overført ein del oppgåver frå staten. Innan kulturminnearbeid har eit fått overført ein del oppgåver frå Riksantikvaren, der dei fleste er innan fartøyvern.

### **Næring:**

Innan næring har ein behandla eit mangfald av sakar. I 2021 har me jobba ein arbeida med og vedtatt regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Planen har namnet «Berekraftig verdiskaping» og var den første regionale planen for det nye Vestland fylke. Dette er ein framoverretta plan for grøn, innovativ næring som står godt i trå med Venstre sine verdier.

Det har og blitt jobba for utvikling av akvakultur, med fokus på å fremje innovasjon, miljø og dyrevelferd. Me har blitt med på satsinga «Havbyen Bergen» - som jobbar for å forankre vestlandshovudstaden som havhovudstad.

Ein har fått i gong ei satsing på ein ny fiskerihamn på Bømlo og sagt ja til ei liknande satsing i Kalvåg i Bremanger. Ein har vedtatt ein plan for elektrifisering av luftfart, der målet er å gjere Vestland til verdens fremste pionerområde for elektriske fly gjennom elektrifisering av de sterkt subsidierte distriktsrutene på kortbanenettet. Vestland har og Andre viktige sakar i næring har vore utdeling av midlar til innovasjon og næring som fører til ei satsing på gode tiltak i heile Vestland. Venstre har og tatt initiativet til betre kår for serveringsbransjen og gode bymiljø.